

Referat frå styremøte i VH 01.06.26 på museet

Møtte frå styret

Møtte frå styret: Arne Erik Fønhus, Tore Hovda, Tone Meisdalen og Toril Grønbrekk.

Møtte som vara: Eivind Brenna.

Møtte som materialforvaltar: Anne Marit Framnes.

Fråverande: Ingebjørg Moe, Tove Grethe Kolstad, Åse Østgård Hagen og Ole Aastad Bråten.

Sak 11/26 – Info frå laga

Nord-Aurdal: Skrautvål og Aurdal har arrangert fagdag på Frydenlund. Aurdal skal i gang med stolpejakt.

Vestre Slidre: Har gjeve ut lokalhistorisk turhandbok. Dei skal arrangere rundtur i august med stopp på nokre av stadene som er omtala i handboka. I juni arrangerer dei tur til Blåfargeverket i samarbeid med pensjonistlaget.

Etnedal: Er i gang med revidering og utviding av seterheftet som vart gjeve ut i 2004. Dei arrangerer historiske ettermiddagsturar i sommar, med første stopp ved Høgbergtunnelen. I tillegg arrangerer dei tur til Grinimuseet 19. september.

Vang: Vanleg lagsarbeid.

Sør-Aurdal: Skal ha stand på markedsdagen på Bagn den 22. august.

Sak 12/26 – Søknad om midlar frå Kirkevollarven

Kvitvella Forlag søker om tilskot til produksjon av boka *Steinar i Valdres*, ei rikt illustrert bok på om lag 200 sider om kulturhistorisk interessante steinar og steinar som turmål i Valdres. Boka er skriven av Kirsten Inga Kamrud og har både kulturhistorisk og turistmessig verdi.

Vedtak: Det vert gjeve kroner 15 000 i stønad til bokprosjektet.

Sak 13/26 – Møtekalender

07.09.26 kl. 18.00 – styremøte

26.10.26 kl. 18.00 – styremøte

22.02.27 kl. 18.00 – styremøte

15.03.27 kl. 18.00 – årsmøte

Sak 14/26 – Eventuelt

- Vi vedtek å melde oss ut som medlemmer i Nye Valdresbanen og Valdres Veterankøyretøyets Venner. Bakgrunnen er at det finst mange interesseforeiningar i Valdres, og at vi berre er medlem i desse to.
- Årboka er i rute.
- Kontoen som tilhørde Valdres Bygdebok, vert avslutta, og midlane vert overførte til ein av kontoane til Valdres historielag. Tore ordnar dette.
- Dersom det er interesse i lokallaga for å delta på stand under Rakfiskfestivalen, betaler Valdres historielag for felles stand. Det skal givast tilbakemelding til Arne Erik innan 15. september om deltaking.
- Det kom innspel om at møtereferat frå Valdres historielag bør sendast til styremedlemmene i dei ulike lokallaga. Referata vert i dag sende til styremedlemmene i Valdres historielag og publiserte på heimesida til laget. Styremedlemmer i lokallaga som ønskjer å få referata på e-post, gir beskjed til Arne Erik.
- Det er Etnedal sin tur til å arrangere fagdag i 2027.
- Det vert gjeve kroner 5 000 i støtte til arrangøren av fagdagen.

Neste møte: 07.09.2026 kl. 18.00

Etnedal, 05.06.2026

Referent: Toril Grønbrekk